

## Statsforvaltaren si vurdering av Øystre Slidre kommune - 2022

Statsforvaltarens kommunebilde bygger på tilgjengeleg KOSTRA-statistikk, annan nasjonal statistikk, tilsyn, økonomiforvaltning og kommunedialog. Vi har òg henta inn noko data frå kommunane jf. brev av 27. april. Vi har, med utgangspunkt i dette, utarbeidd ROS-analyser. Kommunebildet vi presenterer, er eit samandrag av korleis Statsforvaltaren oppfattar status og utfordringar på sentrale fagområde i kommunen. Enkelte fagområde har retta søkelys på spesifikke tema. Ei samanlikning med tidlegare års kommunebilde er derfor ikkje mogleg på alle fagområda.

ROS-analyser gjeld berre fagområde der Statsforvaltaren har eit oppdrag.

Sjå vedlegget "Meir om indikatorane" til slutt i dette dokumentet, for forklaring på kva som er lagt til grunn for kvart fagområde og kvifor.

Kommunebildet er oppdatert 1.september 2022.

Vi har valt å gruppere kommentarane i tre område:

<span style="background-color: #00AEEF; color: white; padding: 2px 5px;"> </span>	Område med god kompetanse, kapasitet og kvalitet
<span style="background-color: #FFFF00; color: black; padding: 2px 5px;"> </span>	Område med forbettingspotensial innanfor kompetanse, kapasitet og kvalitet
<span style="background-color: #FF0000; color: white; padding: 2px 5px;"> </span>	Område som er sårbare innanfor kompetanse, kapasitet og kvalitet

**SSBs befolkningsprognose** stipulerer ei endring frå 3 252 innbyggjarar i 2022 til 3 227 i 2050 etter hovudalternativet.

Tal på eldre relativt til kor mange som er i yrkesaktiv alder er eit mål på evna til å finansiere auka etterspurnad av kommunale tenester framover. Tal på innbyggjarar i alderen 20-66 på per eldre over 80 år endrar seg i Øystre Slidre kommune frå 12,4 i 2020 til 4,4 i 2040. Nasjonale tal i dei same åra er 14,3 og 6,8.

### Folkehelse

For å kunna setja i verk tiltak som har effekt på folkehelsa må kommunen ha «oversyn over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorar som kan verka inn på denne» etter dei 5 § første ledda i folkehelselova. Kommunar er forskjellige, så behovet for informasjon og oversyn vil variera mellom ulike kommunar. Vi ser at Øystre Slidre kommune har ei folkehelseoversyn som grunnlag for arbeidet med planarbeidet til kommunen.

For å etablera eit systematisk og langsiktig folkehelsearbeid, herunder å motverka sosiale helseforskjellar, skal kommunen i arbeidet sitt med kommuneplanar etter plan- og bygningslova fastsetja overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet. Vi ser at Øystre Slidre kommune har forankra folkehelse i kommunen sin samfunnplanlegging.

### Landbruk

Som jordbruks- og skogbruksmyndigkeit ser kommunen ut til å ha god forvaltningspraksis. Kommunen ser ut til å ha låg kapasitet i høve til omfanget av saker på jordbruksområdet.

## Samfunns- og arealplanlegging

Kommuneplanens samfunnsdel er frå 2021 og arealdel er frå 2017. Kommunen har god kompetanse og kapasitet på planområdet. Det er positivt at det er etablert egen ordning for å ta vare på barn og unges interesser i planarbeidet.

## Helse og omsorg

**Kompetanse:** Har ein god del med helseutdanna personell 83,7 % mot landsgjennomsnittet 77,8%. Kommunedelplan for helse og omsorg beskriv utfordringsbildet, og at det manglar spesialisering på fleire fagområde. Søkar kompetansemiddel òg med tanke på vidareutdanning. Driv omstillingasarbeid i helse og omsorgssektoren med tanke på heiltidskultur og læring i eigen organisasjon. Deltar i regionalt samarbeid i Valdresregionen Vurdering: God

**Ernæringskartlegging:** 48 % av beboarane med langtidsplass er ernæringskartlagt mot landsgjennomsnittet 46%, ein auke på 100% frå 2020. 15 % er ernæringskartlagt som har tenester i heimen, landsgjennomsnittet er 15%. Vurdering: middels/svak

**Demensomsorg:** Øystre Slidre vil ha 88 personar med demens sjukdom i 2025, dette er ein forventa prosentauke frå 2,29% i 2022 til 2,73% i 2025. Kommunen deltar i demensnettverk i Innlandet. Demensplan er under utarbeiding. Kommunen har demenskoordinator, demensteam og dagsenter tilrettelagt for personar med demens. Kommunen har samarbeidsavtale med spesialisthelsetenesta, Sam-aks. Vurdering; god

**Legetimar pr veke pr bebuar sjukeheim:** 0,54 timer i Øystre Slidre kommune mot landsgjennomsnittet er 0,61 timer. Vurdering; Middels.

## Fastlegesituasjonen

Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen blir tilboden nødvendige helse- og omsorgstenester. For å oppfylla dette ansvaret skal kommunen mellom anna tilby ei fastlegeordning. Det er i Noreg store utfordringar med både å behalda og rekruttera fastleger, utfordringar vi òg ser er tilfelle i kommunar i Innlandet. Det er derfor viktig at kommunane har fokus på rekrutteringstiltak, som varetar kontinuitet i relasjonen mellom lege og pasient og sikrar stabilitet i legetenesta.

## Jordvern

Kommunen har omdisponert 15 daa dyrka mark dei siste fem årene (2017-2021). Med dette bryt ikkje kommunen måla frå nasjonal jordvernstrategi, men Statsforvaltaren minner likevel om at kommunen må ha merksemd på jordvern i si arealforvaltning.

## Klima

Kommunen har ein tiltaksdel til regional klima- og energiplan frå 2010. Statsforvaltaren oppmodar til å ha ein oppdatert plan for klima- og energispørsmål. Ved kommuneundersøkinga i 2021 opplyste kommunen å ha gjennomført klimatiltak innan miljøstyring. Kommunen har søkt om midlar frå Klimasats til tiltak i tre år. Vi oppmodar til forsterka innsats med utsleppskutt. Det var tidlegare eit klimanettverk i Valdres. Vi er ikkje kjent med at det er ført vidare, og oppmodar til slikt samarbeid i nettverk. Det er generelt lite informasjon om klima og klimatiltak på kommunen sine heimesider. Unntaket er egen temaside om prosjektet «Klima+», noko som er positivt.

## Kommuneøkonomi

Kommunen har hatt jamt gode netto driftsresultat over fleire år, og eit svært bra resultat i 2021. Kommunen planlegg for moderat nivå på netto driftsresultat i 2022 og gjennom økonomiplanperioden. Kommunen har høgt gjeldsnivå og høg gjeldsbelastning. Netto lånegjeld har auka betydeleg dei siste åra, som følgje av investering i helsetun, men gjelda ble redusert i 2021. Investeringar i Vann og avløp vil auke låneopptaket i økonomiplanperioden. Kommunen har god likviditet og eit bra nivå på disposisjonsfondet. Disposisjonsfondet har vore brukt til å styrke eigenandelen til investeringane. Kommunen planlegg no å styrke fondet i økonomiplanperioden, og det er lagt inn innsparingstiltak på ca 6 mill. kroner kvart år. Dei frie inntektene er relativt konstant.

Svak nedgang i befolkningsmengda fremover. Framskrivingane viser fleire personer over 67 år og færre yngre.

## Rus og psykisk helse

Kommunen har 6,2 årsverk totalt i tenesten rus- og psykisk helse. Kommunen har ansatt psykolog i samarbeid med kommunane Vang og Vestre Slidre. Psykolog er en lovpålagt teneste. Kommunen bruker kartleggingsverktøyet brukarplan.

Kommunen har forløpskoordinator pakkeforløp psykisk helse og rus.

I løpet av siste år har bustadsituasjonen endra seg og blitt verre for brukarar med rus utfordringar. For brukere med psykisk helse utfordringar er det også ein forverring i forhold til bustadsituasjon.

Kommunen rapporterer at dei forankrar sitt rus og psykisk helsearbeid i planverk, men at dei sikrar i liten grad tenesteutvikling på systemnivå.

Kommunen rapporterer at dei i stor grad sikrar brukarmedverknad til brukargruppa med rus- og psykisk helse utfordringar.

Kommunen er deltager i etablert FACT team.

## Samfunnstryggleik

Siste tilsyn vart gjennomført i 2015. På grunn av Koronapandemien har det ikkje vorte gjennomført tilsyn i 2020/2021. Kommunen ga et inntrykk av at dei tek vare på samfunnstryggleik og beredskap godt i drift og planlegging. Heilskapleg ROS vart utført i 2019. Risiko og sårbarheit utanfor det geografiske området til kommunen som kan ha tyding for kommunen og framtidig risiko og sårbarheit er delvis vurdert. Av kommuneundersøkinga 2021 kjem det fram at kommunen er usikker på om dei har utarbeidd mål, og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Statsforvaltaren anbefaler at kommunen utarbeider mål og plan for oppfølging.

Overordna beredskapsplan vart revidert sist i 2020 med delvis utgangspunkt i HROS.

Kommunen øvde eigen beredskapsorganisasjon i samsvar med krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt sist i 2019. Kommunen er i eit øvingssamarbeid med to andre Valdreskommuner, dette er positivt å sjå. Øystre Slidre kommune jobbar godt med systematisk samfunnstryggleik. Kommunen har bare delvis gjennomført kommuneundersøkelsen 2022.

## Barnehage og opplæring

### **Kvifor temaet trygt og godt barnehage- og skolemiljø?**

Ei av Statsforvaltaren sine viktigaste oppgåver er å passe på at alle skular gjer sitt beste for at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø. Nokre gongar treng skulen hjelp, og då kan Statsforvaltaren gje råd og vise verktøy skulen kan bruke i arbeidet med å gjere skulemiljøet trygt og godt for alle.

Eit trygt og godt skulemiljø for alle elevar er eit satsingsområde for Statsforvaltaren i Innlandet, og dei siste åra har ein stor del av dei planlagde tilsyna våre vore innanfor dette temaet. Årleg vurderer vi tilstanden i alle kommunane i Innlandet, og opnar tilsyn i dei kommunane vi meiner det er fare for at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. Vurderingane vi presenterer her, er del av ei overordna heilskapsvurdering vi gjer av alle kommunar i samband tilsynsplanlegging, dialogmøte og generell rettleiing. Biletet er ofte samansett, og vi brukar langt fleire kjelder enn dei vi går gjennom her før vi landar kva for verkemiddel vi vil nytte i møte med dei ulike kommunane. Statistikken vi presenterer her seier likevel noko om korleis elevane opplev skulemiljøet sitt, og vi oppfordrar kommunane til å følje opp og analysere resultata frå Elevundersøkinga. Einkvan kan oppfatte grenseverdiane Statsforvaltaren har sett som strenge, men dei er satt ut frå at skulane skal nulltoleranse for krenkingar.

Når det gjeld barnehagemiljø er situasjonen noko annleis. Vi har mellom anna ikkje tilgang på den same type statistikken som på skule, og Statsforvaltaren si rolle er annleis enn i skulemiljøsaker. Ifølgje loven er det nulltoleranse for alle typar krenkingar i barnehagane. Barnehagen skal sjølv drive det førebuande arbeidet for eit trygt og godt barnehagemiljø. Statsforvaltaren på si side jobbar for å sikre eit trygt og godt barnehagemiljø gjennom å informere, rettleie og legge til rette for deltaking i nettverk, statlege strategiar og kompetanseutviklingstiltak på barnehageområdet. Vi meiner det er svært viktig at retten til eit trygt og godt barnehagemiljø blir teken på alvor, og vi har utarbeidd eit sett med refleksjonsspørsmål til fri bruk i kommunen.

#### **Vurdering av skulemiljøet i Øystre Slidre:**

Statsforvaltaren vurderer skulemiljøet i Øystre Slidre til raudt nivå. Det er noko uvisse knytt til tolkinga av resultatet, då kommunens resultat på samleindikatoren er unнатake frå offentleg innsyn. Samstundes er resultata på dei to indikatorane *Har du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadane* og *Har du blitt mobba digitalt (mobil, iPad, PC) dei siste månadane* såpass høge at samleresultatet blir vurdert til nettopp raudt.

Elevane på dei forskjellige skulane gir ulike svar på i kor stor grad kvardagen deira er prega av mobbing. På ein skule er det ingen av respondentane som oppgir at dei har opplevd digital mobbing dei siste månadene, mens på ein annan skule seier over 15 % at dei har opplevd dette. Dette syner at det kan vere store sprik bak tala. Svarprosenten i Elevundersøkinga er lågare enn 85 %.

I Øystre Slidre er det to barneskular og ein ungdomsskule, med i underkant av 350 elevar. Det er krevjande å setje ein farge på elevanes skulemiljø i kommunen, og vi ber difor kommunen halde merksemrd på elevanes skulemiljø i åra som kjem. Kommunen er velkommen til å ta kontakt med Statsforvaltaren dersom de har spørsmål eller kommentatarar.

#### **Refleksjonsspørsmål og involvering av barn og unge i handsaminga av kommunebileta**

Statsforvaltaren oppmodar kommunen til å involvere barn og unge i den lokale behandlinga av kommunebileta.

- Korleis arbeider de systematisk for å sikre at barn har det trygt og godt i barnehagane og skulane i kommunen?

- Loven set krav til nulltoleranse for krenkingar. Korleis arbeider de som barnehagemyndigkeit og skuleeigar systematisk for å hindre krenkingar i barnehagane og skulane i kommunen dykkar?
- Korleis og i kva for eit omfang legg kommunen til rette for kompetanseheving om barn og unge sitt psykososiale miljø?
- Kva kan forklare variasjonane innanfor kommunen når det gjeld resultata knytt til skolemiljø?
- Er det ein samanheng mellom elevmedverknad og skolemiljøet?

Statsforvaltaren vil tipse kommunen om nettsida vår for lett tilgjengelege filmar om barnehage- og skolemiljø:

<https://www.statsforvalteren.no/nb/innlandet/barnehage-og-opplaring/filmer-om-barnehage-og-skolemiljo/>

### Barnevern

Kommunen deltek i interkommunalt ordning med Nord-Aurdal, Sør-Aurdal og Etnedal. Nord-Aurdal er vertskommune. Rapportering viser at kommunen ikkje gir tenester ut frå lovkrav og har registrert fleire avvik. Gjennom rapportering og dialog har det vorte avdekt behov for å utvikla styringssystem i barneverntenesta, og kommunen har prioritert å auka ressursar. Barneverntenesta skal frå 2022 delta i BUFDIR sin kompetansesatsing gjennom eit toårig Veileddningsteamtiltak. Politisk og administrativ leiing er kjend med barnevernsreforma, men det er ikkje kjent om kommunen har starta arbeidet med overordna plan for førebyggjande arbeid, under dette med mål og organisering for tidleg innsats.

Ut ifrå ei totalvurdering blir vurdert kommunens barnevernteneste som ikkje god nok.

### Miljø

Miljø består av to hovudtema - vassforvaltning og forureining, som er vurdert ut i frå eit sett med indikatorar. Vår vurdering er at arbeidet til kommunen innom miljø samla sett er svakt/raudt. Meir detaljert skildring av grunnlaget følgjer.

Kommuen oppgir at dei følgjer opp lovpålagd kontroll i forhold til produksjonstilskot. Det blir arbeidd aktivt med motivering til blant annet kantsonetiltak i tråd med handlingsdelen i Vassforvaltnings- og vassdragsplanen i kommunen. Kommunen fører ein streng praksis i forhold til utsett spreiing av gjødsel. Kommunen oppgir at faktisk bruk av heile det oppgitte spredearealet er ei utfordring fordi mykje areal er til fjells eller leid, og dermed medfører lange transportavstandar. Dette er urovekkjande då det kan gi auka næringssaltlekkasje til vassdrag dersom dette medfører at andre areal overgjødsles (gul/middels).

Det er mykje positivt å seia om korleis kommunen varetar vassdragsomsyn. Det kjem likevel ikkje fram at kommunen har gitt vassareala vern gjennom arealformål og føresegner. Utan slike føresegner har kommunen avgrensa styringsmoglegheiter i vasstrengen noko som er urovekkjande. Det er positivt at kommunen har fastsett breidda på kantvegetasjonssona langs vassdrag i planane sine. Ved nydyrkning blir følgd kravet nydyrkingsforskrifta har til kantsoner. Øystre Slidre har eigen kommunedelplan for vassforvaltning og vassdrag (gul/middels). Arbeidet blir følgt opp av tilsette innan jordbruk og byggjesak. Innsatsen er planlagd auka med meir tilsyn innan avløp og husdyrgjødelslager. Samla ressurs framover blir anslått til 0,5 årsverk. Kommunen deltek vidare i samarbeid om felles vassområdekoordinator for Valdres. Kommunen

opp gir at gjennomføringa av oppgåvene til kommunen i tiltaksprogrammet i vassforvaltningsplanane er avgrensa men vil bli økt (gul/middels).

På forureiningsområdet har me vurdert arbeidet til kommunen med grunnforureining og avløp, og i tillegg materialgjenvinning av avfall. Kommunen har ikkje brukar i Grunnforurensning, og oppfyller derfor ikkje pliktene etter forureiningsforskrifta kapittel 2. Det ligg ingen lokalitetar til godkjenning i Grunnforurensning. Me vurderer på grunnlag av dette arbeidet til kommunen med grunnforureining som svak/raudt.

Kommunens oppnår ikkje den nasjonale målsetjinga for avfall levert til materialgjenvinning på 50 %. Det er òg ukjent om kommunen har fastset konkrete målsetjingar for materialgjenvinning og auka ombruk. Vurderast derfor som svak/raud.

Beito reinseanlegg er eit anlegg som stort sett fungerar godt, men som er overbelasta i periodar då mange hytteeigarar oppheld seg i kommunen. Denne overbelastninga gjer at anlegget ikkje overheld reinsekrava totalt sett. Øystre Slidre kommune har god kunnskap om alderen til avløpsnettet (gjennomsnittsalder er 27 år). Trass i ungt avløpsnett er det problem med framandvatn i snøsmeltingsperiodar og periodar med mykje nedbør. Del fornya leidningsnett har dei tre siste åra vore i gjennomsnitt på 0,56 %. Det skal òg seiast at kommunen i 2021 la vesentleg meir nytt leidningsnett enn dei fornya gammalt. Totalt sett blir kommunen vurdert som middels/gul.

#### Sosiale tenester

Dei sosiale tenestene har som formål å betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, bidra til at den enkelte får moglegheit til å leva og bu sjølvstendig, framme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Tenestene skal bidra til at utsette barn og unge og familiane deira får eit heilskapleg og samordna tenestetilbod, og dessutan bidra til likeverd, likestilling og førebyggje sosiale problem.

Ein trygg og føreseieleg busitusasjon, deltaking i arbeidslivet og inkludering i samfunnet er viktige verkemiddel for å førebyggje låginntekt og utanforskap.

I Øystre Slidre kommune får 1,9 % av innbyggjarane sosiale tenester (Innlandet 2,3 %), og 25,4 % av dei som får sosiale tenester har hjelpebehov som varer lengre enn 6 mnd. (Innlandet 34,4 %).

Kommunen skal gjera seg kjend med levekåra til innbyggjarane, via spesiell merksemd til trekk ved utviklinga som kan skapa eller halda oppe sosiale problem. Samordning og samhandling mellom tenesteområde er av sentral betydning. Kommunen bør inkludera levekårsutfordringar i anna samordning av tenester til sårbare grupper.

I Øystre Slidre kommune forsøgjer 54 % av dei som får sosiale tenester barn (Innlandet 27,3 %). 8,8 % av barna i Øystre Slidre lever i hushald med vedvarande låginntekt (Innlandet 13 %), og 11 % av barna i Øystre Slidre bur tront (Innlandet 14 %).

Øystre Slidre kommune har i 2022 delteke i eigenvurderingstilsyn med temaet «Tenestene opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad til personar mellom 17 og 23 år.» I denne gjennomgangen fann Nav Valdres svakheiter i arbeidet sitt med tenesta opplysning, råd og rettleiing og kvalifiseringsprogram for unge sosialhjelpmottakarar. Nav-kontoret er i gang med forbetningsarbeid på desse områda.

Kommunen har ansvar for å tilby personar under 30 år som får sosiale tenester tilbod om arbeidsretta aktivitet ved mottak av sosialhjelp. Kvalifiseringsprogram skal vera tilgjengeleg for innbyggjarane til kommunen.

14,3 % av dei som får sosiale tenester er i aldersgruppa 18-24 år (Innlandet 19,7 %), og 9,5 % er i aldersgruppa 25-29 år (Innlandet 13,6 %).

Andelen av sosialhjelplsmottakarane i aldersgruppa 0-24 år (Innlandet 39,2 %), og 25-29 år (Innlandet 31,3 %), som hadde vilkår om arbeidsretta aktivitet i 2021, er for låg til at tal kan offentleggjerast. Antall personar som var deltagarar i kvalifiseringsprogram i 2021, var også for lågt til at tal kan offentleggjerast.

Dette blir sett på å synleggjera at kommunen bør gjennomgå tilgjengelegheta si til kvalifiseringsprogram og arbeidsretta aktivitet for dei som har behov for slik bistand.

#### Vedlegg:

#### Meir om indikatorane

##### [Barnehage og opplæring](#)

##### [Om elevundersøkinga](#)

Elevundersøkinga skal gjennomførast kvar haust for 7. og 10. trinn. Skulane eller kommunane kan sjølv bestemme hyppigare bruk viss dei ser behov for det, og det er også mogleg å köyre undersøkinga på fleire trinn. Data som ligg til grunn for denne vurderinga er i all hovudsak offentlege, og kan hentast ut frå Udir sin statistikkbank. I dei tilfella der dei offentlege data gir oss manglande informasjon, har vi logga oss inn og sett på data som er unntake offentlegheit. Det er særleg i små kommunar vi har sett på ikkje offentlege data for å vere i stand til å danne oss eit heilskapsintrykk av kommunen. Den tekstlege vurderinga og fargelegginga er gjort på bakgrunn av desse spørsmåla i Elevundersøkinga:

- Har du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadene?
- Har du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadane?
- Har du blitt mobba digitalt (mobil, iPad, PC) dei siste månadane?

Udir har samla desse tre spørsmåla i ei felles overskrift; *mobbing på skulen*. Det er i all hovudsak kommunen si samlescore som ligg til grunn for fargelegginga av kommunen sin tilstand på området *Barnehage og opplæring*.

Data er i all hovudsak henta frå Elevundersøkinga for skuleåret 2021-2022. I dei kommunane med få eller manglande data frå det oppgitte skuleåret, har vi også tatt ein kikk på resultata frå skuleåret 2020-2021.

Kommunar med gjennomsnittsscore under 2 % får fargen grøn.

Kommunar med gjennomsnittsscore mellom 2 % og 4,9 % får fargen gul.

Kommunar med gjennomsnittsscore over 5 % får fargen raud.

## Barnevern

Fristbrot i undersøkingar, talet på barn med hjelpetiltak i heimen, barn i hjelpetiltak med evaluert tiltaksplan og talet på fosterbarn i familie og /eller nære nettverk er indikatorar på om kommunen gir barn og familiær rett hjelp til rett tid, gjennom førebyggjande arbeid og tidleg innsats.

- Kommunemonitor barnevern

[https://bufdir.no/Statistikk\\_og\\_analyse/Barnevern\\_kommunemonitor/#/](https://bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Barnevern_kommunemonitor/#/)

## Fastlegesituasjonen

Ved utarbeiding av kommunebilete for 2022 valde me å skriva om den generelle utfordringa som er nasjonalt, og dessutan i kommunar i Innlandet, med både å behalda og rekruttera fastleggar. Me er klar over at denne utfordringa ikkje gjeld alle kommunar i Innlandet per no, men det er ein situasjon som stadig er i endring, så derfor valde me å skriva om den generelle utfordringa.

## Folkehelse

Ivaretaking av langsiktig folkehelsearbeid i planarbeidet til kommunane.

For å kunna setja i verk tiltak som har effekt på folkehelsa må kommunen ha «oversyn over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorar som kan verka inn på denne» etter dei 5 § første ledda i folkehelselova.

For å etablera eit systematisk og langsiktig folkehelsearbeid, her under å motverka sosiale helseforskjellar, skal kommunen i arbeidet sitt med kommuneplanar etter plan- og bygningslova fastsetja overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet som er eigna til å møta dei utfordringane kommunen står overfor.

Vi viser til rettleier utarbeidde av Helsedirektoratet til eit systematisk folkehelsearbeid

- Folkehelseprofil <https://www.fhi.no/hn/folkehelse/folkehelseprofil/>

## Helse og omsorg

Bakgrunn for val av indikatorar: Endring i helsetenestene, med overføring av helsetenester frå spesialisthelsetenesta til kommunehelsetenestene, gir uføreseielege pasientoverføringer og krav til spesialisert kompetanse. Dette krev at kommunane har nok og riktig kompetanse for å kunna gi forsvarleg helsehjelp. Befolkningsdelen med demens sjukdom vil i Innlandet auka med 32,41% frå 2020 til 2030, noko som får tyding for korleis kommune riggar tenestetilbodet innan helse og omsorg. Pasienttrygging og kvalitet er viktig for å førebygga pasientskadar og uhelse, mellom dei oversyn over pasientar og ernæringsstatusen til brukarane. Del vurdert for risiko for underernæring var i Innlandet på 51,3% i 2021.

Fokusområde:

- Kommunen tilpassar omsorgstenestene til framtidige behov
- Kommunen skal ha nødvendig kompetanse

## Jordvern

- Tala er henta frå tabell 07903 hos SSB.
- Innrapporterte tal stammar berre frå vedtatte reguleringsplanar.
- Tal daa omdisponert dyrka mark (etter PBL) dei siste fem åra. All omdisponering i perioden inngår, men del med formål samferdsel og infrastruktur blir kommentert for dei med raud farge. Alt under 5 daa blir rekna for arronderingsmessige justeringar og blir grønt. Dei som omdisponerer meir enn 10% av Innlandets samla kvote (300 daa) blir raude. Resten gule.

- Innskjerping av det årlege jordvernsmålet (frå 4000 daa til 3000 daa) fekk effekt frå midten av 2021. Vi tar derfor utgangspunkt i nytt mål.

## Klima

- Status for klima- og energiplan; alder for sist revisjon
- Status for tiltak. Basert på kva dei sjølv har svart i kommuneundersøkinga i 2021, og dessutan kor mange år dei har søkt Klimasats
- Status for om kommunen er med i klimanettverk
- Vurdering av klimainformasjonen kommunen har på heimesidene sine og evt. annan kjent utadretta informasjon
- Samla vurdering

## Landbruk

For jordbruk har vi lagt vekt på kapasitet/ressursbruk (kulepunkt 1-2) i høve til parametrane i kulepunkt 3-4, funn i forvaltningskontrollar og det generelle inntrykket vi har av forvaltningspraksis/-kapasitet, spesielt i tilskottsforvaltninga. Følgjande parametrar er vurderte:

- Årsverk brukt på jordbruksforvaltning (rapportert frå kommunen for 2021)
- Brutto driftsutgiftar til landbruksforvaltning (KOSTRA 2021)
- Talet på jord- og konsesjonslovsaker og talet på tilskottssøknader (produksjonsstilskott og regionale miljøtilskott) i 2021
- Omfanget av jordbruk (beregningsnøkkelen basert på jordbruksareal, totalareal og talet på driftseiningar, føretak med husdyr og landbrukseigedommar) i 2021
- Avvik og merknadar i forvaltningskontrollar dei siste åra og kommunen sin oppfølging av desse
- For skogbruk er det som skjer i skogen avgjeraende for produksjon, miljøtilhøve og omdømmet til skognæringa og den offentlege forvaltninga. Statsforvaltaren har i høg grad lagt vekt på korleis kommunen oppfyller dei pålagde kontrollane i 2021, som omfattar:
  - foryngingskontroll (risikobasert, hovudsakeleg med utplukk frå Landbruksdirektoratet)
  - resultatkartlegging (sjølv om det heiter «kartlegging» er Statsforvaltaren opptatt av at avvik som kan lukkast, blir lukka gjennom korrigerande tiltak)
  - stikkprøvebasert kontroll av skogtiltak (minst 5 % av søknadane, kommunen gjer utplukk etter sin eigen plan)

## Miljø

Miljø består av to hovudtema, vassforvaltning og forureining, som kvar består av undertema med indikatorar. Under følgjer ei skildring av vurderingskriteria og ei grunngiving for kvifor desse temaa er valde.

## Vassforvaltning

Kvifor er desse tema valt?

- Vassmiljø i plan og inngrepssaker

Fysiske inngrep i vassdrag er ei av hovudutfordringane for å nå god miljøtilstand i mange vassdrag. Kommunane har ei sentral rolle i arbeidet med å forhindra nye skadar ved å ta vare på vassmiljø i plan og inngrepssaker.

- Forankring og oppfølging av vassforvaltningsplanane i kommunane

Noreg har internasjonale forpliktingar om å sikra god miljøtilstand i alle vassførekomstar gjennom tilslutning til vassdirektivet. Dei regionale vassforvaltningsplanane med tilhøyrande tiltaksprogram er sentrale for oppfyllinga av desse forpliktingane. Kommunane er styresmakt og tiltakshavar på fleire område med stor betydning for å nå miljømåla. Følgjeleg er det avgjerande at kommunane aktivt deltek i utarbeiding og gjennomføring av planar og tiltak.

- Forureining frå jordbruket

Næringsaltforureining er den andre hovudutfordringa for å oppnå godt vassmiljø. I Innlandet er forureining frå jordbruk ei av hovudkjeldene til næringssalttilførsel til vassdraga. Kommunen som lokal landbruksstyresmakt har ei sentral rolle i arbeidet med å avgrensa næringssaltavrenning frå jordbruket.

#### **Skildring av vurderingskriteria**

- Vassmiljø i plan- og inngrepssaker
  - God: Kommunen har eigne arealformål og føresegner som er knytte til vatn og vassdrag, og har fastsett breidde på vegetasjonssone langs vassdrag. Tek spesielt omsyn til vassdrag i nydyrkingsaker, og gjer ei aktiv vurdering av om kantsoner bør vera breiare enn minimumskravet.
  - Middels: Kommunen har manglende eller ikkje tilstrekkelege føresegner og arealmål knytte til vatn og vassdrag og/eller manglende fastsett breidde på vegetasjonssone langs vassdrag. Krav til kantsoner i nydyrkingsaker blir følgde opp jf. Lovverket.
  - Svak: Kommunen har manglende føresegner og arealmål knytt til vatn og vassdrag og manglende fastsett breidde på vegetasjonssone langs vassdrag.
- Forankring og oppfølging av vassforvaltningsplanen i kommunen
  - God: Kommunen har eigne ressursar til oppfølging av vassforvaltningsplanane, og arbeidet er godt integrert i alle sektorar i kommunen. Kjenne til og følgjer aktivt opp med gjennomføring av tiltak i vassforvaltningsplanane.
  - Middels: Kommunen har avsett lite eigne ressursar til å følgja opp arbeidet med vassforvaltningsplanane, men jobbar noko med det gjennom ulike sektorar i kommunen. Følgjer til ei viss grad opp med gjennomføring av tiltak i vassforvaltningsplanane.
  - Svak: Kommunen har ikkje avsett eigne ressursar til oppfølging av vassforvaltningsplanane, og har eit lite medvite forhold til oppfølging av desse.
- Forureining frå jordbruket
  - God: Kommunen driv aktivt rettleiing og informasjonsarbeid mot landbruket for å redusera avrenning og forureining. Har gode rutinar for oppfølging av miljøkrav, og følgjer opp brot på miljøkrava bla med avkorting av PT.
  - Middels: Kommunen fører tilsyn med at miljøkrav i landbruket blir innfridd gjennom kontroll, og driv noko rettleiing for å auka oppslutninga om tiltak som minimerer forureining.
  - Svak: Kommunen manglar gode rutinar for oppfølging og informasjonsarbeid omkring forureining frå jordbruk.

#### **Forureining - Kvifor er desse tema valt?**

- Kommunens arbeid på avløpsområdet: Oppfølging av arbeidet til kommunane på avløpsområdet har vore ein del av embetsoppdraget dei siste åra. I tildelingsbrevet for 2022 (pkt. 3.1.4.4.1) kjem det fram at Statsforvaltaren skal ha ein effektiv og samordna innsats

mot eutrofiering, inkludert frå jordbruket, akvakultur, avløp og industri, og at forureiningskjeldene skal vera godt regulert for å oppnå god økologisk tilstand i vassdrag. Som ein del av dette arbeidet har me valt arbeidet til kommunen på avløpsområdet som eit tema for kommunebileta, då utslepp frå både mindre private og store kommunale avløpsanlegg kan vera ei vesentleg bidragande årsak til eutrofiering. Me ynskjer derfor å løfta fram viktigheita av eit systematisk arbeid på dette området.

- Arbeidet til kommunen med grunnforureining: Oppfølging av aktiviteten til kommunane i Grunnforurensning har dei siste tre åra vore ein del av embetsoppdraget gjennom tildelingspunkt 3.1.4.4.2.1. Målsetjinga er å auka kompetansen i kommunane på forureina grunn og fagsystemet Grunnforurensning, og sikra at kommunane registrerer saker i fagsystemet og følgjer opp pliktene sine etter kapittelet til forureningsforskrifta 2. Som ein del i å oppnå dette er grunnforureining inkludert som eitt av tamane me vurdera i samband med kommunebileta. I tillegg er det sendt ut brev til alle kommunar om viktigheita av at dei har ein brukar i Grunnforurensning og kva som ligg i styresmaktsrolla etter kapittelet til forureningsforskrifta 2. I 2021 følgde me opp dette med å tilby webinar for kommunane. Dette webinaret blir også tilbode i november i år.
- Materialgjenvinning av avfall: Gjennom rammedirektivet om avfall er EUs materialgjenvinningsmål for hushaldsavfall og liknande 50 % innan 2020 og 65 % innan 2035. Dette er eit mål som Noreg som EØS-medlem òg har bunde oss til (Miljømål 4.4). Auka materialgjenvinning er viktig for å sikra at ressursane i avfallet vårt blir utnytta og brukt som råvarer i nye produkt som ein del av ein sirkulær økonomi. Ulike typar avfall må derfor sorterast ut frå nærings- og hushaldsavfall. Matavfall, plast, og park- og hageavfall er døme på avfallsfraksjonar som det no blir stilt krav til utsortering av.

Kommunen har ansvar for innsamling og utsortering av hushaldsavfall. Materialgjenvinning er derfor ein svært relevant indikator for kommunane å forhalda seg til. For at Noreg skal klara målsetjinga om 65 % materialgjenvinning innan 2035 må både kommunar og næringsliv jobba aktivt for å oppnå dette målet. Dette vil innebera å setja mål og gjennomføra tiltak for å nå målet.

Me meiner at delen avfall levert til materialgjenvinning er ein god indikator på kor godt kommunen handterer hushaldsavfallet sitt. Det er eit viktig miljømål for Noreg å oppfylla. Me meiner derfor at valde indikatorar er formålstenlege for å setja fokus på dette arbeidet.

### **Skildring av vurderingskriteria**

- Kommunanes arbeid på avløpsområdet:
  - Overheld dei større kommunale avløpsreinseanlegga (> 2000 pe BOF5, kapittel 14-anlegg) utsleppskrava stilt i utsleppsløyve og regelverk, inkl. sekundærrensekrev.
  - Fornying av avløpsnett. Den nasjonale forventninga er 1 % årleg fornying av avløpsnettet. Me har derfor sett på i kor stor grad kommunen har kjennskap til alderen til avløpsnettet, den gjennomsnittlege alderen til avløpsnettet, og den gjennomsnittlege forningsgraden dei siste tre åra. Basert på dette, og dessutan kunnskap om problem med framandvatn, har me gjort ei vurdering av om kommunens forningsgrad av gammalt leidningsnett er tilstrekkeleg.
  - Ein hovudplan for avløpsområdet eller tilsvarende, er eit nødvendig verktøy for å sikra systematisk og heilskapleg varetaking av avløpsområdet. Om kommunen har ein slik overordna plan eller ikkje, når han er vedteken eller sist revidert er dermed vurdert som følgjer:
    - Vedteke/revidert i 2018 eller seinare – GOD/grønn

- Vedteke/revidert etter 2014 - MIDDELS/gul
  - Vedteke/revidert før 2014 eller manglande - DÅRLIG/raud
- Statsforvaltarens kjennskap til og dialog med dei ulike kommunen om arbeid og problemstillingar relatert til avløpsområdet varierer mykje. I dei tilfella me har kjennskap til korleis kommunen jobbar med eksempelvis avløp i eksisterande og planlagde hyttefelt og spreidd avløp, tek me dette med i totalvurderinga.
- Arbeidet til kommunen med grunnforureining: Ein føresetnad for at kommunen skal kunna oppfylla pliktene sine som styresmakt på grunnforureining (oppfølging av bygge- og gravesaker etter forureiningsforskrifta kap. 2, der grunnen er forureina, eller det er grunn til å tru at den kan vera forureina), er at dei har brukar i databasen Grunnforurensing. I tillegg har me sett på talet på lokalitetar som ligg til godkjenning i Grunnforurensning og talet på allereie godkjende lokalitetar, og dessutan endringar sidan i fjar. Eit lågt tal lokalitetar kan indikera at bygge- og gravesaker som burde handterast etter kapittelet 2 i forureiningsforskrifta, ikkje blir fanga opp i kommunen. Ein høg del ikkje-godkjente lokalitetar, trekkjer òg ned, sidan lokalitetar ikkje blir offentleg tilgjengelege før dei er godkjende av rette styresmakt. Vi viser elles til brev me har sendt til kommunane 11. august 2020 og 8. oktober 2021.
- Materialgjenvinning av avfall: Det er ei nasjonal målsetjing at 50 % av generert avfall skal leverast til materialgjenvinning. Det er òg slik at kommunen bør ha fastsett konkrete mål for, og sett i verk førebuing til auka gjenbruk og materialgjenvinning av hushaldsavfall og liknande avfall etter 2020. Basert på desse to indikatorane er kommunane vurderte i samsvar med følgjande kriterium:
  - % levert til materialgjenvinning inkl. Biologisk behandling. Denne indikatoren er styrande for vurderinga på området.
    - $\geq 50\%$  er GOD/grøn
    - $> 40\%$  er MIDDES/gul
    - $< 40\%$  er SVAK/raud
  - Konkret målsetjing. Denne indikatoren kan telja positivt inn i vurderinga.
    - Har oppgitt konkrete målsetjingar i svaret – GOD/grøn
    - Oppgir mål som ikkje er konkretisert i svaret – MIDDES/gul
    - Har ikkje oppgitt mål/har ikkje svart – SVAK/raud

## Kommuneøkonomi

Indikatorane under er valde med bakgrunn i den lovpålagte plikta kommunestyra hadde til å vedta finansielle måltal (jf kommunelova §14-2 c), og dei fleste har valt netto driftsresultat, netto lånegjeld og disposisjonsfond. Desse gir indikasjon på det økonomiske handlingsrommet til kommunane. I vurderinga vår legg vi òg til grunn historisk og planlagt netto driftsresultat, og dessutan evna kommunane har til å kunna svara opp økonomisk uvisse og investeringar, målt auka finanskostnader og arbeidskapital.

- Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter (2015-2021)
- Planlagt netto driftsresultat i økonomiplanperioden 2022-2025
- Netto lånegjeld i prosent av driftsinntekter
- Renteeksponert gjeld i prosent av driftsinntekter
- Netto finans og avdrag i prosent av driftsinntekter
- Arbeidskapital eksklusive premieavvik i prosent av driftsinntekter
- Disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter

## Rus og psykisk helse

Vurderinga er gjort på bakgrunn av kommunanes egenrapportering i IS 24-8. Dette er ei årleg rapportering som kommunane avgir til helsedirektoratet og som m.a. omhandlar kompetanse- og kapasitetsnivå i fagfeltet. SINTEF forvaltar og koordinerer dette arbeidet.

Psykisk helse- og rusfeltet har dei siste åra gjennomgått til dels omfattande opptrappingsplaner. Opptrappingsplanen for psykisk helse (1996 – 2006) og Opptrappingsplanen for rusfeltet (2008 – 2012 og 2014 – 2020) har bidratt til betydeleg kapasitets- og kompetanseauke i fagfelta. Kommunane står ovanfor store utfordringar med å behalda den kapasiteten og kompetansen som er opparbeidd og fagfeltet er i stadig endring. Regjeringa arbeider med ny Opptrappingsplan for psykisk helse og dessutan førebyggings og behandlingsreform for barn og unge. Statsforvaltaren følgjande indikatorar for 2022:

- Psykologar i kommunen, årsverk (inkl. tildelt tilskot)
- Status etablering av FACT team
- Brukerplankartleggingen
- Boliger og oppfølgingstenester i bustader for målgruppa
- Planarbeid

FACT er eit viktig satsningsområde for å kunna gi betre oppsökande tenester, og betre samhandlende tenester i samarbeid med spesialisthelsetenesta.

## Samfunns- og arealplanlegging

På tema Kommunal planlegging har vi for 2022 lagt spesiell vekt på å om kommunane har oppdaterte overordna planverk, dvs. kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Dette er i tråd med bestilling frå oppdragsgivarane våre på området i år.

- Alder på kommuneplan - arealplan og samfunnsplan
- Kapasitet og kompetanse på plan
- Har kommunen ei særskild ordning for medverknad av barn og unge

## Samfunnstryggleik

- Vurderingar frå siste gjennomførte tilsyn
- Kommuneundersøkelsen fra DSB i tidsperioden 2016 til 2020

## Sosiale tenester

Vi har vektlagt korleis kommunane jobbar med arbeidsretta aktivitet og kvalifiseringsprogram for sosialhjelppsmottakarane sine. I tillegg har bi kontinuerleg fokus på levekåra til barn og unge i Innlandet. Begge delar følgjer av oppdrag til Statsforvaltaren frå departementet; Vi skal følgja med på levekårsutviklinga i kommunane og identifisera utfordringar og vi skal leggja til rette for at kommunane tek vare på sitt ansvar for kvalifiseringsprogrammet på ein god måte, og dessutan beskriva og følgje med på utøvinga av aktivitetsplikt for personar som får økonomisk stønad. Tilsvarande forventningar er presenterte for kommunane i årets kommunebrev.

Opplysningar frå eigenvurderingstilsynet er teke med for å synleggjera forventningar til Statsforvalter og kommunane om særskild varetaking av unge sosialhjelppsmottakarar.

- Del mottakarar sosiale tenester
- Del sosialhjelppsmottakarar 18-24 år
- Del sosialhjelppsmottakarar 25-29 år
- Del langtidsmottakarar (meir enn 6 månader)

- Del sosialhjelpsmottakarar som forsørgjer barn
- Tal deltakarar i kvalifiseringsprogram
- Del sosialhjelpsmottakarar med vilkår om arbeidsretta aktivitet 18-24 år
- Del sosialhjelpsmottakarar med vilkår om arbeidsretta aktivitet 25-29 år
  - Alle henta frå SSB, tal frå 2021
- Del barn som lever i hushald med vedvarande låginntekt
  - Henta frå FHI si oppvekstprofil, tal for perioden 2017-2019 (ny periode neste år)
- Del barn som bur tront
  - Henta frå FHI si oppvekstprofil, tal frå 2020
- Egenmeldingstilsyn, resultat
  - Intern informasjon